

Torunn Døssland, som er ansvarleg for trommegruppa i skulekorpset i Uskedalen, har gjort eit lite kupp: Ho har engasjert ein verkeleg stor trommeslagar og perkusjonist til å halda seminar for trommeslagarane i alle skulekorpsa i kommunen. Det skjer laurdag 14. april i Aktivitetshuset. Mannen er bergensar og heiter Frank Jakobsen (52). Dei som kjenner musikarane på topp-planet seier at han er ein av dei beste i landet.

I ei oppsummering i eit internasjonalt leksikon blir det peika på at han på 1980-tallet reiste rundt i Norge og Europa og laga mange innspelningar med bandet Cutting Edge og at han no opptrer med Knut Riisnæs, Olav Dale og Bergen Big Band..

Torunn kjenner han godt, for ho var klassekamerat med Jakobsen på folkehøgskulen Toneheim i Vang i 1974/75. Han var særskilt flink allereie den gongen. I åra som kom spela han i mange Bergensgrupper og var med på fleire plateinnspelningar. Så knytta han meir kontakt med Oslo-musikarar og spela i 1980/1981 med Knut Værnes kvartett, som vart kjerna i jazzrockgruppa Cutting Edge. Den hadde mellom anna turne i England.

I Oslo spela han også saman med Odd Riisnæs kvintett, Knut Riisnæs kvartett, Paul Weedens kvintett og Rune Klakegg trio. Det vart fleire plateinnspelningar, mellom anna CD-en "Secret red tread" i 1991. Jakobsen viste sine evner som teknisk perkusjonist med Bergensbandet "Son Mu".

Han kom attende til heimbyen i 1992 og var mellom anna med på plateinnspeling med Tore Faye Jazz Quartet. Frå 1995 var han vore med i Olav Dale kvartett som kom med ein CD i 1996. Året etter vart Jakobsen heidra med Vossajazzprisen. Han er framleis etterspurd i jazzmiljøet i hovudstaden, seinast dokumentert på plater med Knut Riisnæs og Rob Waring trio. På det lokale planet har han spela inn Vargtime med Jan Kåre Hystad og CD med Bergen Big Band og Karin Krog i 2005.

Dette er bakgrunnen for at Jakobsen blir seminarleiar i Uskedalen til våren:

Skulekorpset var utan trommar nokre år, men for eitt år sidan vart det etablert ei trommegruppe på tre. Sidan november i 2005 har den mangfaldige musikar Ove Eikemo (EDO) vore instruktør for gruppa.

Men ei trommegruppe har lett for å hamna i bakleksa. Heller ikkje musikkskulen har hatt noko tilbod for trommarar i dei seinare åra. Difor hadde Torunn lyst til å gjera noko skikkeleg for gruppa og tok kontakt med Jakobsen, i første omgang for å få gode råd. Men han hadde faktisk også ein ledig glytt utpå våren.

No er det Katrine Yri Røssland, Stian Myklebust og Julie Myklebust (ny) som er med i trommegruppa. Dei vil under seminaret få selskap av trommisar frå Husnes skulekorps, Rosendal skulekorps og Høylandsbygd musikk-korps slik at det truleg blir 11 med på seminaret. Deltakinga er begrensa til dei som er aktive utøvarar i skulekorps.

Dette er første gong Jakobsen held seminar i Kvinnherad.

- Eg ville satse på noko utanom det vanlege, som det ikkje er tid til ellers, seier Torunn Døssland.

Av Ola Matti Mathisen